



Opplæringskonferansen 15.04.2024

Hardanger og Voss ungdomsråd i Bygdahuset, Granvin

Deltakarar: Dei 5 ungdomsråda i Hardanger og Voss, kontaktpersonar, ordførar på Voss Tonje Såkvitne og Rådsordførar Hardanger/Ordførar i Eidfjord Timo Knoch





Dette var programmet:

- 09.30 Registrering og noko å bite i
- 10.00 **Velkommen v/ Hardanger og Voss ungdomsråd og Rådsordførar**
- 10.15 **Bli kjent leikar!**
- 10.45 **Introduksjon v/ Tonje Såkvitne, Oda Medhus og Sara Michelle Clarke**
- 3 personar som representerar kvar sitt steg inn i samfunnsengasjementet og politikken frå ungdomsparti til ordførar.
- 11.15 Lunsj
- 12.00 **Gruppearbeid Spørsmålsrunde 5 bord**
Desse 5 temaene vart debattert i gruppearbeid, alle diskuterte alle. (Sjå nede i referatet)
1. Kollektivtilbod
 2. Mobilforbud i skulen
 3. Innvandring
 4. Naturvern
 5. Hærverk
- 13.00 Presentasjon frå alle gruppene
- 13.30 **Paneldebatt med HU i panelet**
Desse temaene skal debatterast under debatt 1 og debatt 2:
- Kommunesamanslåing
 - Hyttebygging
 - Fritidstilbud
 - Eksamens
 - Betre vegar i Hardang
- 14.45 Felles oppsummering - inntrykk frå dagen v/ heile Hardanger og Voss ungdomsråd

Oppsummering frå gruppearbeid:

1. Kollektivtilbud

1. Kva er de nøgde med når det gjeld kollektivtilbodet?

- Skuleskyssen fungerer greitt, men er av og til litt for seine
- Ungdomsbilletten/ ungdomskortet er veldig positiv
- Det er bra tilbod med kollektivtransport tidleg på dag
- Ferjetilbodet er ok i perioden mai- september
- Toget frå Voss- Bergen er veldig bra (spesielt for dei som bur på Voss)

2. Kva tidspunkt er det naudsynt med betre tilbod?

- På ettermiddag og kveld må det bli eit betre tilbod
- Helg spesielt laurdagar
- Det er utfordringar til og frå fritidstilbod internt i kommunane (utkant- til sentrum/ sentrum-utkant), men også dersom ein deltar på aktivitetar i andre nabokommunar
Døme: Det er ein del frå Ulvik som deltar på fotballtrening på Voss.
- I Kvam er det ei utfordring å komme seg heim etter skulen (Kvam VGS). Dei må vente i over 20 min. på buss etter skulen er ferdig. Dei som bur i Strandebarm er ikkje heime før kl.17.00.
- Det går få bussar frå Ulvik til Voss (to bussar frå Voss til Ulvik). Manglar buss om kveldane.
- Manglar ein buss i tidsrommet 13.00- 15.00 frå Eidfjord til Voss. Ein i tidsrommet 18.00- 22.00 frå Voss til Eidfjord. Manglar også eit tilbod på laurdagen (ikkje moglegheit til å komme seg heim).
- Bussane korresponderer ikkje med togrutene.

3. Kva forslag har de til transporttilbod?

- Heim for ein «50- lapp» (tilbod i Sogndal for aldersgruppa 16-22 år).
På Voss har dei eit tilbod der dei som har rett på ungdomsbiletten. Det går skyss på natta kl. 02.34 frå Voss til utkantane (Mørkdalen, Granvin, Bolstad osv.). Det er også mogelegheit for å bestilla minibuss dersom det er fleire som går i lag og avtalar i forkant av eit arrangement osv. Dette er ei god ordning, men det må reklamerast meir for tilbodet fordi det er ikkje alle ungdomane som kjenner til det.
Forslag om at bussane kan selja reklameplass slik at dei kan finansiera ekstra ruter
- Få fleire til å utdanna seg til å bli bussjåførar- gjera yrket meir attraktivt med høgare lønn, betre arbeidstid evt. andre goder.
- Gjennomføra ein «skysskonferanse» der alle blir høyrte (tilsette, passasjerar, kommune osv.)

2. Mobilforbud i skulen

1. Kva tenkjer dekan om mobil forbod i skulen?

- Klassene kan bestemme reglane sjølve, men minuset er at da blir det forskjellige for ungdomane på skulane (nett.mobbing)
- Positivt og kjennes trygt å ha mobil.
- Minuset er problem og tull med mobil i friminutta på ungdomsskulen.
- Meir sosial og kreativ uten mobil.
- Lett å miste fokus i undervisninga

2. Kvifor burde man ha mobil i skuletida?

- Dei som ikkje har vene ønskjer å ha noko å gjere
- I skuletida kan ein få lov å bruke den i enkelte timer
- Nokon har dei fellesaktivitetar i friminutta for at alle skal ha noko å drive med.

3. Kvifor burde ein ikkje ha mobil i skuletida?

- Kan føra til nettmobbing. Lett å ta bilder av andre og legga på filter og legge ut "bak ryggen på andre" f.eks filming i dusjen
- Men då er det og lett å melda set ut, staden for å melda seg inn
- Alle ønskjer mobil i skulen - så det må innarbeidast over tid, før at dette skal bli bra for elevane
- Forslag om ikkje mobil på barneskulen og at ungdomsskuleelevar får bestemma sjølve
- Kan f.eks ha mobilfritt i timane men mobil i friminutt på ungdomsskulen
- Skulen kan ha mobilforbud, men for ungdommane er det å ha mobilen i sekken eller på seg kjensla av å vera trygg.

4. Korleis kan mobilen påverke skule timane positivt?

- Kan vera alternativ undervising med mobil, kan gje inspirasjon.
- Ønskjer inspirasjon - koma igang med oppgåver

5. Trur de at mobil i skuletida bidrar til meir nettmobbing?

Kvifor det? Eller kvifor ikkje?

Konklusjon:

- Ha mobilforbud på skulen, men la elevane få bruke ved behov.
- Ønskjer å levera inn til timane og få telefonane utlevert i storefriminutt (då vert det mindre stress når du veit at du får sjekka mobilen i løpet av dagen)
- Positivt er at den gjev trygghetsfølelse
- Negativt med nettmobbing
- Positivt er at ein vert meir sosial uten mobil.
- Men ønskjer å kontakt med foreldre i løpet av dagen.
- Ungdomskulen bør ha reglar, ikkje modne nok, men ønskjer å ha dei i sekken
- Vgs bør ha tilgang, dei har ikkje tid til å bruke en unødig

3. Innvandring

1. Innvandring, ja eller nei? evt. kvifor nei, kvifor ja.

- Innvandring både positivt og negativt. Ikkje sånn som Sverige og deler av Oslo.
- Bra at me tar folk inn i landet, påverkar økonomien.
- Hjelper med å få fleire arbeidarar, uten dei hadde me slete veldig.
- Gjennomsnittsalderen går ned.

2. Korleis kan innvandring påverka?

- Terror, ungdomskriminalitet har auka, mange er på NAV, og dei har veldig lite respekt for folk.
- Ikkje så veldig enkelt å få jobb, blir navrarar.
- Fleirkulturelle og gjev oss meir kulturelt mangfald.
- Bidreg blandt anna til fleire helsepersonell og er arbeidarar me treng.

- Ikkje bli som i Sverige, fokusera meir på å hjelpe enn å ta inn fleire.
- Bidra til kulturell forståelse og integrering.
- Auka mangfald, fleire arbeidarar, større sjanse for at fritidsaktivitetar får fleire folk, fleire unge folk som kan ta imot eldre bølgen.

3. Kva er fordelene med innvandring?

- Fleire innbyggere, mange er gode på å jobbe. Mange som tek jobben dei kan få.
- Folketallet i Norge kan bli høgare
- Få fleire som kan ta vare på oss når me blir eldre.
- Fleire til bygda - buset folk i kommunar som slit med for få innbyggjarar.
- Fleire i jobbmarknaden og fleire til å vera med på fritidsaktivitetar.

4. Ulempene med innvandring?

- For mange i mindre kommuner, ikkje nok ressursar. Kommunane slit med økonomien.
- Norge er stor på naturvern så me kan ikkje byggja ut heile tida og fleire folk = meir utbygging.
- Asylsentra vert ganske fulle, og fører ofte til overbelastning i kommunane, med for lite midlar.
- Føler dei er betre enn andre, gjev dårlig påverknad.
- Vert ikkje opplært og påverkar ofte Norge dårlig.

Konklusjonar:

- Gi kommuner midlar, betre kontroll og betre system,
- Alle som er busett er allereie integrert,
- Ha nok opplæring til at dei lærer norsk og det vert betre integrering.
- Ansette fleire lærarar til opplæring.
- Verta flinkare med jobbtilbud, dei kan ta vekk tankane om krig,
- Meir fritidsaktivitetar og meir å gjere på, slik at dei ikkje driver med kriminalitet,
- Straffa med høgare straff i Norge, me bruker masse penger på fengsel.
- Ta folk inn i bygda, men ikkje for mange, må ha plass.
- Betre asylmottak.
- Ikkje altfor mange, begrensa det.
- Viktig å hjelpe.
- Integrering er dårlig og hjelper lite når dei trivst meir der dei budde før

4. Naturvern

1. Kvifor er det viktig å ivareta naturen?

- Ta vare på jordkloden for neste generasjon
- Norge er kjend for naturen sin, både med tanke på turistnæring men også for dyr
- Ressursar, dyr osv.
- Treng naturen for å overleva - kortreist mat
- Mindre forureining
- Fotosyntesen

Me er kjend for naturen, viktig at me har naturen rundt oss.

2. Kva tenkjer dykk angåande hytteutbygging og bør det vere ei grense?

- Bør vera ei grense, treng ikkje ta over heilt med hytter
- Fleirtalet av gruppa ynskjer ei grense på hyttebygging
- Ikkje bygg ned uberoort natur
- Vil ha fleire innbyggjarar, men meiner og det bør vera ei grense
- Treng hyttefolk/turistar som brukar butikkane og skisentra våre

- 3. Kva meiner dykk er den største trusselen mot norsk natur?**
 - Menneska, fordi det er me som bygger ut
 - Menneske og klimautslepp er den største trusselen
 - Trusselen mot norske natur er utbygging/næring. Eksempel er vindmøller, der mykje natur går tapt til bygging av vegrar med meir.
 - Plastforsøpling
 - Unødig nedskjærings av tre
- 4. Korleis kan me stoppa nedbygging av natur på best mogleg måte?**
 - Gjer det gradvis, ha grenser
 - Finna alternativ
 - Bruka allereie tilgjengelege områder, td. nedlagde områder.
 - Viktig å fullføra det ein har byrja på.
 - Bruk materialer om igjen
 - Gjenvinning av allereie eksisterande areal
- 5. Ca. ein av fem arter som lever i Norge er raudlista, korleis kan ein førebyggje dette?**
 - Reglar på jakt/fiske
 - Slutte å byggje på sårbare områder
 - Tiltak som er spesifikke for dei ulike artane
 - Kontrollert jakt og meir "jaktpoliti"
 - Raudlista artar: Ta på alvor det som vert sagt om desse artane.
 - Ta det med vidare
 - Mindre forsøpling
 - reglar for Jakt og fiske

5. Hærverk

- 1. Kva er hærverk?**
 - Øydeleggja noko med vilje
 - Øydeleggja noko du ikkje eig sjølv
 - Skade på private og offentlege bygg
- 2. Korleis er hærverk ulikt frå andre formar for skade på eigedom?**
 - Gjort med vilje, uaktsom
 - Hevn
 - Misunnelse
- 3. Kva kan konsekvensane av hærverk vere?**
 - Økonomisk erstatning
 - Finn ut kven som har gjort det
 - Andre kan verta skuldige
 - Laga därleg rykte om "alle ungdomane"
 - Mista goder, f.eks - fekk ikkje skidag pga skader
 - Få bot
 - Reparasjon - og må brukta av tida si
 - Sinne
 - Mister tillit ein har
 - Går utover dei andre som ikkje er med
 - Nedsett ordenskarakter
 - Skattepengar går til erstatning/opprydding

4. Korleis kan me førebyggja hærverk?

- Fleire vektarar
- Skjøna alvoret- hjelpe dei til å ikkje gjere hærverk
- Tydeleggjere konsekvensar
- Vise alvoret og kor store konsekvensar kan verta
- Ikkje koma med tomme truslar
- Vanskeleg å hindra
- La ungdom få delta i inventarbestemmlesar
- Laga eit betre samfunn: gode/betre fritidsaktivitetar for ungdom.
- Halda ungdom i aktivitet
- La ungdoman laga "det" sjølve - f.eks mala, vedlikhald sjølve
- Førebyggja med videoovervåking, forsterking av vindauge, hindra for adkomst
- Gje ungdom eigarskap

5. Kva kan vere motivet til gjerningspersonen/personane som utfører hærverket?

- Dei er sure og kjedar seg
- Tenkjer på hevn
- Føler at dei ikkje vert sett
- Misunnelse
- Tøffar seg - gjengmentalitet
- Kjede seg
- Sinne, frustrasjon,hevn
- Gruppepress
- Hat
- Usikre
- Rus
- Kul

Notat frå paneldebatten:

Kommunesamanslåing

- Mot kommunesamanslåing pga. mindre kommunar kan då oppleva at sentrum blir flytta ut av den opphavlege kommunen dei bur i. Får ein endra struktur og blir kanskje ein utkant.
- Kan vera positivt med kommunesamanslåing pga. får betre utnytta ressursane, betre tilgang på kompetanse, betre økonomi, fleirdriftsfordeler ...
- Kan vera meir attraktivt å arbeida i ein større kommune – betre fagmiljø

Hytteutbygging

- Går ut over naturen og det truar dyrelivet.
- Nye hyttefelt i staden for å utnytta allereie eksisterande felt
- Går ut over anna aktivitet som til dømes jakt og anna friluftsliv
- Er positivt for lokalt næringsliv (byggeverksemd og vedlikehald, butikkar)

Fritid

- Er veldig nøgde med tilbodet i Eidfjord. Her har dei fått ein ungdomsklubb der dei kan bruke ei brikke for å komme seg inn på ettermiddag/kveld. Ungdomane kan vera der åleine.
- Kommunane kan bli betre på organiserte fritidstilbod for menneske med funksjonshindringar (jf. workshop i samarbeid med Redd Barna 19.3.2024 i Kvam)
- Odda har eit veldig godt ungdomsklubb- tilbod. Det blir sett opp bussar frå utkantane slik at ungdom kan bruka tilbodet.

- I Kvam har barn og unge (alderen 6- 19 år) eit fritidskort på kr. 1100 i halvåret (dvs. 2200 kr per år) som dei kan nytta til fritidsaktivitetar (der det skal betalast medlemsavgift m.m.) <https://www.kvam.no/fritid/fritidskortet/> Dette fører til at det er fleire som får delta mellom anna pga. familieøkonomi. Det er også eit fritidskort + som gjev ungdom frå låginnntektsfamiliar endå meir støtte (behovsprøvd).

Eksamens

- Bør gå over til å bruka «mappeevaluering» i staden for eksamen pga. samlar då opp heile året i staden for å måtta prestere alt på ein dag. Kan vera ei utfordring for mange mellom anna pga. dagsform, sjukdom, funksjonshindring m.m.
- Det er spesielt å arbeida for å «pugga» til ein eksamen. Målet må vera at ein skal læra for å læra og at lærdomen skal sitja... ikkje prestera alt på ein dag... og kanskje gløyme det ein har pugga.
- I 10-klasse er ein kanskje mest demotivert ... og det er då ein har eksamen (også på VGS).
- Eksamens tel veldig mykje ... blir dømt for ein dag .. ikkje samla innsats gjennom eit heilt år.
- Folkevalde vil fornya skulesystemet, men held fast på ei gamal ordning med eksamen ... dette er ikkje heilt lett å forstå.

Samferdsle

Betring av vegane på Vestland + rassikring. Må få endå meir i tilskot frå staten til utbetrinigar.

Skuletilbod

- Nedlegging av tilbod på skulane, kvifor må ungdom flytte inn til Bergen/andre kommunar?
- Viktig at ein ikkje berre kuttar i tilbod på skular i utkantane, men også i byane. Bygdene treng lærlingar og framtidig arbeidskraft. Ungdom må få bu heime lengst mogeleg. Ein må også tola at elevtala svingar litt frå år til år- treng ikkje leggja ned ei linja berre pga. søkjartala ikkje er så høge det eine året. Må tenkja langsiktig.